



6. august 2024

Korleis opprette eit nytt beitelag?

I Vestland fylke er det registrert i overkant av 200 beitelag, kvart med mellom 2 og 100 aktive medlemmar. Fleire beitebrukarar ser styrka i å organisere seg i lag, og her kjem ei oppskrift på korleis de kan gå fram i prosessen for å skipe eit nytt beitelag.

Eit beitelag er i denne samanheng avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeforetak eller foreining, og har som hovudføremål å samarbeide om føremålstenlege fellesløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Beitelag kan organiserast som samvirkeforetak (SA) eller foreining. Oppskrifta her gjeld for SA:

- Det nye laget må utarbeide vedtekter. Norsk Sau og Geit har døme på [standardvedtekter på sine nettsider](#). Standardvedtektene er berre eit døme, og laget kan gjere eigne endringar som høver for dei.
- Laget må gjennomføre stiftelsesmøte, der stiftelsesdokument/-protokoll vert ført og signert. Mal for dette ligg nedst i dette dokumentet.
- Etter at stiftelsesmøtet er gjennomført må laget bli registrert med vedtekter i Brønnøysundregisteret. Dette må bli gjort innan tre månader. Det enklaste er å registrere laget via Altinn.
- Når laget er registrert i Brønnøysundregisteret sender de
 - o stiftelsesdokument
 - o vedtekter
 - o kartskisse over beiteområdettil oss, og det må vere gjort innan 1. oktober for å kunne søkje driftstilskot (*Tilskot til drift av beitelag*) den 15. november.

Det er ikkje krav om at beiteområdet for medlemmane må vere samanhengande, men det må ligge til rette for rasjonelt samarbeid i laget.

For at laget skal kunne søkje driftstilskot må dei ha minimum 2 aktive medlemmar, som slepp småfe og/eller storfe i utmark i minimum 5 veker. Laget skal ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale høve, der minimumskravet vi har sett er felles dato for beitelaget/kommunen.

Det vert sendt ut informasjonsbrev til beitelaga om våren før beitesesongen, og om hausten før søknadsfrist for driftstilskotet. Sist brev kan de finna på [heimesida vår](#) under fana 'Organisert beitebruk'.

Stiftelsesdokument for:

Den _____ ble det avholdt stiftelsesmøte.

Til stede som stiftere var

_____ ble valgt som møteleder.

Stiftelsesdokumentet med forslag til vedtekter ble lagt frem og godkjent. Foreningen ble så besluttet stiftet.

Kontingenten ble fastsatt til kr _____,-.

Valg av styre

Styrets leder ble

Styrets medlemmer ble:

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Underskrift av alle stifterne

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Navn	
Adresse	

Foreningen ble erklært stiftet og møtet hevet.

Sted,

den